



Kennet Innvær  
Heltveitvegen 35  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3675 - 16/33633

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
08.12.2016

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 233/44 Eide indre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.11.16.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Som det går fram av gjennomføringsplanen er ikkje alle foretak på plass. For at kommunen skal ta stilling til søknaden må alle aktuelle fagområder være belagt med ansvar. Ved oppdeling av søknad i ramme- og igangsettingstillatelse er det eventuelt mogleg at ansvar for utførelse ikkje er på plass før det søkast om igangsetting. Søk og prosjektering må alltid være klar ved innsending av søknad.
2. Det går ikkje fram kvar situasjonskartet er henta frå eller kva målestokk den er. Det må sendast inn nytt situasjonskart i målestokk 1:500 (evt 1:1000 om dette er meir hensiktsmessig). Eigedomsgrensene kjem ikkje klart nok fram på situasjonskartet. Kartgrunnlaget må ikkje være eldre enn 6 månader.
3. Vi finn ikkje at det er samsvar med opplysningar gitt under grad av utnytting og innsendte teikningar. Under «areal som skal rivast» må alt som skal rivast takast med. Same for «areal nye bygningar». Terasse skal også reknast med som BYA. Vi ber difor om at opplysningar eller teikningar oppdaterast slik at det er samsvar mellom desse. Alle mål på nye tiltak må også være målsett i teikningane.
4. Det er ikkje sagt noko om tilpasning til TEK10 for eksisterande bebyggelse. Det må sendast inn redegjørelse for korleis eksisterande bygning skal tilpassast dagens krav. Eventuelt må det søkast om avvik for dette, jf. pbl. § 31-2 med grunngeving.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.01.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Linda Smådal og Rune Myhr                      Eidavegen 560                      5993                      OSTEREIDET

**Mottakarar:**

Kennet Innvær                                      Heltveitvegen 35                      5993                      OSTEREIDET